

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

VII. EITT- OG TO-ORDSINNSKIFTER UTAN SETNINGSFORM

[**857**] N-17930. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 41; 1990b: [35].)

Innskrifta står på eit avbrote trestykke med ei flatspikka side og ei avrunda ryggside. Den bevarte delen er 57 mm lang, og tverrsnittet er på det tjukkaste 15 x 7 mm. Trestykket er forma som ein kile e.l. og skråar ned til nulls i den ubrotne enden. Funnet vart gjort i 1974, felt FA, hovudfase 8/9. Det vil seia ein funnkontekst som kan daterast arkeologisk til tida mellom ca. 1225 og 1325. Det er runer på den flate sida av trestykket. Den bevarte delen av innskrifta er 13 mm lang og runene 12-13 mm høge. Dei er godt bevarte og byr ikkje på problem med lesemåten.

--] * †

--] **h a**

--] *ga*

I ein slik posisjon som dette er det all grunn til å gå ut frå at **h** representerer spirantisk /g/. Vi har såleis etter alt å dømma å gjera med slutten av eit ord eller ei setning der tredje siste lydsegment har vore stemt, t.d. som i kvinnenamnet **helha** (*Helga*). Kva som eigentleg har stått på denne gjenstanden kan vi likevel berre gissa om no.